

Klarsignal for riving av 3 gamle hus?

26.10.2010



Det er ynskje om å få riva di to husa til venstre. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Jon Harald Kjærland ynskjer å riva eit kårhus og eit stabbur medan Kristine Stensletten ynskjer å riva eit naust. og byggja det opp att.

Kommunen har bedt om uttale i desse sakene fra fylkeskommunen og etterlyser uttala.. Alle 3 husa er registrert i SEFRAK-registeret,

Alle 3 er oppført etter 1850 og det er difor opp til kommunen å ta avgjerda. Hvis fylkeskommunen ikkje har svara innan tre veker er saka i orden fra deira side, opplyser spesialrådgjevar Tor Wathne.

Han peikar på at kårhuset og stabburet er av lokalhistorisk verd ettersom dei har vore på same staden i manns minne. Det er opp til kommunen å vurdere kor viktige dei er og kom dei kan rivast eller ikkje.

Når det gjeld naustet er det truleg frå 1800-talet og det er flytta til staden rundt 1900. Det er eit flott og karakteristisk naust med særleg fint tak og Wathne spør om taktekkinga kan brukast påny.

Kommunen skriv til fylkeskommunen at hvis det ikkje kjem attendemelding i desse sakene snarast blir det gitt løyve til riving.

Av Ola Matti Mathisen



Får Kristine Stensletten riva dette naustet og setta det opp att? (Foto: Ola Matti Mathisen)